

Reisebrev: På tur med Dale mannskor til Italia 4.-13. september 2015

Dale mannskor har lang tradisjon i å reise på tur. I september i år gjekk tur nr. 15, til Verona og Garda i Nord Italia, 17 koristar, pluss dirigent Lars Ragnvalden. Damene er så heldige å verte inviterte med på desse turane. Leiar i koret gjer alltid, etter det me forstår, eit grundig førarbeid saman med reiseoperatør, slik at turen til Italia var godt planlagt, og det meste var inkludert; reise, opphald, mat, vin, operabillettar, bussturar, båttur, flinke guidar osv!

Me opplevde ti fantastiske dagar, i godt lag, med god mat og god drikke. To dagar i Verona baud på guida tur i den vakre byen, fleire stunt-opptredenar av koret i Verona by, pizza i store mengder og ikkje minst, Operaen Nabucco av Giuseppe Verdi i Arena Di Verona om kvelden, under open himmel, der Slavekoret gjorde sterkt inntrykk!

Sundag song Dale mannskor under messa i den storslåtte kyrkja Santa Anastasia i Verona.

Koret vart takka av presten etter messa, og kyrkjelyden gav entusiastisk applaus!

Så bar det av garde til ein vingard i Valpolicella-dalen, der me fekk servert gode matrettar med god vin til, samt informasjon om den vakre garden.

Neste mål var Garda by. Etter busstur i vakkert landskap, kom me fram til Hotell Poiano, i lia over den vakre byen, der me budde i ei veke. Me vart innlosjerte i romslege leilegheiter.

Litt utfordrande for dei av oss som var litt dårlege til beins, då hotellet består av eit hovudhus, med rekkehus oppover i lia.

Me opplevde området rundt Gardasjøen med maleriske småbyar, busstur til Sirmione og båttur tilbake til Garda. Det var satt av tid til å utforske området på eiga hand, til fots, med buss eller taxi. Været var strålende heile veka, heilt til dagen for heimreis, då det regna litt. Fleire av oss bada i Gardasjøen, som heldt god temperatur.

Dag 6 var det tid for å oppleve Venezia. Fleire i fylgjet hadde vore der før, men likevel vert ein overvelda av byen, som består av mange små og større øyar. Ein vert audmjuk av å oppleve storslåtte byggverk, Dogepalasset og Markusplassen, Sukkenes Bro, smale gater og kanalar der flotte Gondolar er framkomstmiddel, saman med anna båttrafikk. Dyktige guidar informerte, forklarte og svarte på spørsmål. Mannskoret song på operatrappa i Venezia, til entusiastiske og overraska forbipasserande.

Dag 9, laurdag, stod tur til Monte Baldo på programmet, ein liten by oppe i fjella.

Mannskoret song i den spesielle og svært vakre kyrkja Madonna della Corona. Kyrkja er ei pilgrimskyrkje som er bygd inn i ein nesten loddrett klippevegg. Sagnet fortel at det vart funne ei Jomfru Maria statue der på 1500-talet. Den eldste kyrkja vart bygd på 1500-talet og er blitt utbygd og renoverert mange gonger. Dale mannskor song vakkert og mektig, og hadde her ei stor oppleving, saman med resten av fylgjet. Etter messa gjekk turen til ein lokal gard, der me fekk servert god lokal mat, saman med god vin.

Så kom dagen for heimreis via Milano. Me var fulle av gode inntrykk, gode opplevingar, god mat og god vin.

Me to damer frå Voss, som var så heldige å få vere med på turen, har stilt krav om at våre to tenorar fortset å synge i Dale mannskor, slik at vi får vere med på fleire turar!